

Vener av Kossdalen
5282 Lonevåg

29.07.22

Osterøy kommune

5282 Lonevåg

Att: Pelle Engsæter

Innspel til kommuneplan

Vener av Kossdalen vil med dette gjøre innspel til kommuneplanen om regulering / tilrettelegging av friluftaktiviteter i Kossdalen

Vener av Kossdalen er ein organisasjon som i år vart stifta med formål om å ta vare på kulturminnet Kossdalen og Kosdalssvingane, og legge til rette for bruk av område for lokale og tilreisande. Sjå meir informasjon i vedlagt folder.

I styret for organinsasjonen sit m.a. representantar frå Mjøsdalen IL, Osterøy Reiselivslag og kommunen.


På vedlagt kart over Kossdalen er det merkt av områder i Kossdalen der en ynsker å tilrettelegger for frilustsaktiviteter, som me ynsker skal verta teken med i planarbeidet.


1. Område eig av Mjøsdalen Idrettslag (sjå eige kart)
Planere for bord, benkar og legge tilrette for aktiviteter for born: leieapparat / klatreløype eller liknande, samt rydde og lage stier kring elva.
2. Begynnelsen av Kossdalsvatnet ved vegen.
Bord, benker, gruve for grilling (evt overbygg)
Treningsapparat.
3. Innerste ende av Kossdalsvatnet (Ved svingane)
Bord, benker, gruve for grilling (evt overbygg)

For Vener av Kossdalen



Øystein Øvsthus,
Tlf 95 22 04 56
E-post: oystein@mjosmetall.no

[←](#) [→](#) [C](#) [nordhordlandskart.no](#)[Gmail](#) [YouTube](#) [Maps](#) [Evolution](#) [B. Forsiden - Bygdnytt](#) [Forsiden -](#)




Kossdalssvingane

Vener av Kossdalen

Kulturhistorie | Tur og rekreasjon | Trening og konkurranse

Vener av Kossdalen har utspring i Mjøsdalen IL, og vil saman med Osterøy kommune, Osterøy Reiselivslag og andre interessenter, jobbe aktivt for å tilrettelegge Kossdalsvegen for tur, trening og rekreasjon, samt for å ta vare på og vise fram den unike kulturhistoria.



VISIT
OSTERØY




Kulturskatten Kossdalsvegen

Historien

Den kring 2,5 kilometer lange og 2,5 meter breie Kossdalsvegen blei bygd i perioden 1889-1893, på pliktarbeid av grunneigarane i området, og med 20% amtsbidrag.

Bygdevegen gjekk mellom Hosanger og den midtre delen av Osterøy, og hadde kanskje som viktigaste funksjon å leie prest og kyrkjelyd til og frå kyrkja i Hosanger.



I kraft av å vere den einaste, var den også viktig for all landtrafikk til nordsida av Osterøy, og blei først i 1950-åra avlasta av ein ny køyreveg langs vestsida av øya.

Dei spesielle Kossdalssvingane var då for lengst innhenta av tidas tann. For hestekøyrety gjekk det greitt, men bilar hadde ingen sjansar til å klare dei brå svingane.



Kossdalssvingane er det finaste partiet på vegen. Her snirklar 17 hårnålssvingar seg oppover Kossdalsskaret med ei gjennomsnittleg stiging på 27%.

Den stabbesteinsette vegstrekninga er faktisk nær 400 meter frå ende til ende gjennom det omrent 175 meter lange skaret, og representerer ei perle i vår vestnorske veghistorie.

Behov for vedlikehald

Kossdalsvegen

Frå Hosanger og inn til svingane er vegen i bra stand, men trenger jevnlig vedlikehald med grøfting, skraping og grusing, samt rydding av vegetasjon kring vegen.

Kossdalssvingane

Svingane har behov for omfattande vedlikehald:

- ✓ Få fram murane igjen, fjerne mose og trær.
- ✓ Setje opp stabbesteinlar som har fallt ned
- ✓ Renske skråning ovanfor svingane for trær og lausmassar
- ✓ Renske grøftene
- ✓ Skrape og gruse vegen
- ✓ I nedre kant av svingane har deler av vegen rast ut, slik at ny mur må på plass.



Bilete over og under er teke av rasområde i nedre del av svingane i oktober 2021.



Tur, trening og rekreasjon

Tur og rekreasjon.

Kossdalsvegen er naturskjønn og ligg lunt til. Den er tilgjengelig og vert nytta av folk i alle aldre. Det lett å gå Kossdalen, også med barnevogn. Vegen er fri for trafikk og fin å sykle for små og store..



Kossdalsvegen vert flittig brukt av innbyggjarar på Osterøy, og har dei seinare åra blitt markedsført av Visit Osterøy, Visit Bergen, Osterøy Kommune og ulike aktører innan reiseliv på Osterøy, og antall turistar som vitjar Kossdalen er sterkt aukande.

Turist satsning

Osterøy Kommune ynskjer tilreisande og lokale aktører i Hosanger som Mjøsvågen Landhandleri, Vener av Mjøsvågen, Den Grønne fabrikken og Norlænder AS satsar alle mot reiselivsnæringa og dreg nytte av å vera lokalisert nær eit slikt historisk landemerke som Kossdalssvingane.



Mjøsdalen IL - mosjon og konkurranse

Kossdalen vert nytta som trenigsarena, både av Mjøsdalen IL og Osterøy IL som driv med friidrett, men også av utallige mosjonistar.

Her kan ein løpe på mjuk grus i naturskjønne omgjevnadar.




Mjøsdalen IL har dei siste 20 åra stått for vedlikehold av Kossdalsvegen og svingane. Arbeidet er utført på dugnad med litt tilskot frå Statens Vegvesen.

Mjøsdalen IL arrangerer kvar onsdag i sumarhalvåret mosjonsløpet Holavatnet Rundt, som nyttar ytre del av Kossdalsvegen som trase.

MIL arranger også Kossdalssvingane Opp kvart år i november. Då tennes fakler langs heile vegen, og skaper trolsk stemning i mørket.



Tilrettelegge for tur og rekreasjon



Vener av Kossdalen vil:

Ta vare på kulturminnet og gjera det meir attraktivt å besøke, ved å tilrettelegge for gode opplevingar.

1. Lage rasteplasser
2. Setje opp gapahukk
3. Leikeapparat
4. Treningsapparat
5. Aktivitetspark
6. Parkering og skilting
7. Toalett
8. Ordne vegen i Kossdalssvingane

(Fjerne trær og mose, sikre og ordne murer, få på plass stabbesteinene)

